



VANYLVEN KOMMUNE

OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

UTVAL: Formannskapet

Møtestad: Ordførarens kontor - Rådhuset, Fiskå

Dato: 12.06.2018

Møtet tok til 09:00

Møtet slutta 15:30.

Møtet starta på Vanylven helse- og omsorgssenter der 7. klassetrinn frå Bergsøy skule i Herøy orienterte om berekraftmåla til FN, og prosjekt om humler og bier. Bad om at ein ikkje slår langs kommunale vegar i juni. Ordføraren opplyste at det er stort engasjement for dette i Vanylven, og at ein ikkje vil slå langs kommunale vegar før til hausten.

Møtet heldt fram på ordførarkontoret der MoEik Eiendom AS v/Webjørn Eikrem, supplert av Nils Olav Moen, orienterte om turismesatsing på Tunheim.

Varsla orientering frå Sees v/Trond Fiskaa gjekk ut.

Møtet var innkalla ved utsend sakliste datert 07.06.2018

Ordførar Lena Landsverk Sande leia møtet.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lena Landsverk Sande	Ordførar	V
Bjarne Sætrenes	Varaordførar	FRP
Ingebrigt Berget	Medlem	SP
Idar Brekke	Medlem	H
Lena Nordal Vedeld	Medlem	H
Ottar Jan Løvoll	Medlem	AP

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Jens Erling Lillebø	Øystein Blom	KRF

7 av 7 medlemar møtte.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Andreas Chr. Nørve	Rådmann
Terje Kolstad	Kommunalsjef teknisk sektor. (Ikkje i sakene 77/2018-83/2018 og sak 85/2018)
Kåre Kvangarsnes	Møtesekretær

Sak 78/2018 vart handsama før sak 77/2018.

Ingebrigt Berget gjekk frå som ugild under handsaming av sak 78/2018.

Rådmann Andreas Chr. Nørve og kommunalsjef Terje Kolstad gjekk frå som ugilde under handsaming av sakene 78/2018 og 85/2018.

Ekstrasakene 84/2018 og 85/2018 var utsende 11.06.2018.

Ekstrasak 86/2018 vart teke opp på møtet.

Underskrifter:

Vi stadfestar at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

6143 Fiskå, den

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel	Arkivkode
	Presentasjon v/7 klassetrinn frå Herøy: Innsats for økosystemet.	
	MoEik Eiendom AS – orientering.	
PS 73/2018	Godkjenning av innkalling	
PS 74/2018	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	
PS 75/2018	Skriv og meldingar	
PS 76/2018	Interkommunalt samarbeidsprosjekt - for område innanfor stab og tekniske tenester	026
PS 77/2018	Interkommunalt samarbeidsprosjekt for NAV og barnevern	026
PS 78/2018	MoEik Eiendom AS - Bruksendring frå næringseigedom til privat - Gbnr 16/144 , 46/9 , 16/120 , 17/16	16/144
PS 79/2018	Oppfølging av resultat frå Kommunekompasset 2018	
PS 80/2018	Tertialrapport nr.1 – 2018	210
PS 81/2018	Etablering av Utviklingsforum for Ålesund lufthavn, Vigra.	653
PS 82/2018	Torghandel AS – Serveringsløyve	U63
PS 83/2018	TV-aksjonen 2018 - Kirkens Bymisjon. Kommunekomite	X03
Ekstrasaker		
PS 84/2018	Ruteendringsprosessen 2019 - innspel frå Vanylven kommune	N33
PS 85/2018	Bryggen Syvde AS - utvida skjenkeløyve 16. juni 2018	U63
PS 86/2018	Interkommunalt samarbeid med Herøy kommune – brannvern	026

PS 73/2018 Godkjenning av innkalling

VEDTAK:

Innkallinga vart godkjend.

PS 74/2018 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

VEDTAK:

Møteprotokoll frå siste møte vart godkjend.

PS 75/2018 Skriv og meldingar

Handsaming:

Orientering frå ordføraren:

Besøk av fylkespolitikarar frå Venstre 30. mai

Eigarmøte i Furene AS

Styremøte i Vanylven Utvikling AS

Monsiaden 6. juni

Møte med Odd Einar Dørum

Møte med brannmannskapa v/Trond Barstad saman med rådmannen

Møte på vidaregåande skule i Syvde: Orientering om Rovdefjordsambandet.

Møte i Ålesund: Planleggingsmøte Arena Sunnmøre og generalforsamling i Hafast, der tidlegare stortingsrepresentant Harald Tom Nesvik orienterte om arbeid med samferdselsprosjekt.

Viste til brev frå Stig Rune Løvold vedk. kva som skjer med familien sin eigedom ved evt. utviding av kyrkjegarden på Åheim. Kjem tilbake til saka under «Eventuelt».

Orientering frå rådmannen:

Samarbeidsprosjekt m/Herøy kommune – to styringsgruppemøte

To møte i SSIKT.

Innlegg om digitalisering på møte med revisjonen i Møre og Romsdal.

Møte med brannmannskapa v/Trond Barstad.

Møte med grendalaget på Rovde.

Møte med kommunane i Nordhordaland,

Møte med Stamina Bedriftshelseteneste.

Arbeidsmiljøutvalsmøte 11. juni.

Orientering frå varaordføraren:

Representantskapsmøte i Sunnmøre regionråd.

Generalforsamling i Furene AS.

VEDTAK:

Framlagde orienteringar/meldingar vart tekne til vitande.

PS 76/2018 Interkommunalt samarbeidsprosjekt - for område innanfor stab og tekniske tenester

Handsaming:

Samrøystes tilråding som framlegget

VEDTAK:

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune vil delta i eit interkommunalt samarbeidsprosjekt saman med Herøy kommune, etter følgjande fordeling og med føresetnad om ei innsparing på 0,1 årsverk per 1000 innbyggjarar:

Saksområde	Ansvarleg kommune	Innsparing
dokumentsenter, arkiv og servicetorg	Vanylven	0,3
økonomi, skatt, løn og personal	Vanylven	0,3
plan, bygg og geodata	Herøy	0,3
brannvern	Herøy	0,3

Rådmannen i den ansvarlege kommunen har i prosjektperioden ansvaret for å utarbeide ei teneste med eit godt fagmiljø; robust tenestestruktur og god tenestekvalitet – samt etablere vertskommunemodellar innanfor heile eller deler av tenesteområdet.

I prosjektperioden skal det vurderast ei funksjonsfordeling innanfor tenesteområda, for å sjå om vi kan få til interkommunale samarbeidsprosjekt med desentralisert kontorstruktur, der einiskilde funksjonar innanfor kvar einiskild tenesteområde kan bli samlokalisert.

Gevinstrealiseringa må byggje på ei samla vurdering av alle tenesteområda, der Vanylven og Herøy kommunar fordeler den totale effektiviseringsgevinsten etter folketal. Rådmannen er delegert fullmakt til å godkjenne ei slik fordeling og ved ueinigheit så vil kommuneadvokaten mekle.

Styringsgruppa vil ved behov be om rapportering og/eller anna tilbakemelding frå prosjektleiarane i prosjektperioden – rapporteringa skal vere knytt til organisering, økonomi, effektiviseringspotensiale og tidsplan. Rådmannen vil at dei respektive arbeidsgruppene skal bestå som fagressurs for styringsgruppa i prosjektperioden.

Rådmannen får fullmakt til å utvide samarbeidet med andre tenesteområde og godkjenne at andre kommunar blir invitert inn i samarbeidet.

Prosjektperioden er frå 1. januar 2019 til 30. juni 2021.

PS 77/2018 Interkommunalt samarbeidsprosjekt for NAV og barnevern

Handsaming:

Samrøystes tilråding som framlegget med slik nytt tredje siste avsnitt:

Dersom Sande kommune ynskjer samlokalisering i Herøy som føresetnad for samarbeidet, vil Herøy legge til rette for det.

VEDTAK:

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune vil delta i eit interkommunalt samarbeidsprosjekt saman med Sande og Herøy kommunar med innsparing tilsvarande 0,1 årsverk per 1000 innbyggjarar:

Saksområde	Vertskommune	Innsparing
NAV	Herøy kommune	0,3 årsverk
barnevern	Herøy kommune	0,3 årsverk

Fylkesmannen gir støtte til ei stilling for etablering av eit tiltaksteam under barnevernet, der dei samarbeidande kommunane må finansiere ei stilling til tiltaksteam. Vilkår for støtte frå fylkesmannen er at det bli etablert eit vertskommunesamarbeid mellom dei samarbeidande kommunane.

Rådmannen i vertskommunen har ansvaret for å utarbeide ei teneste med eit godt fagmiljø; robust tenestestruktur og god tenestekvalitet.

Rådmennene i samarbeidskommunane skal drøfte og godkjenne vesentlege endringar i tenesta. Som vesentlege endringar reknar ein endring av kontorstruktur, oppseiing av husleigekontraktar, auke i stillingsheimlar og tilsvarende – på tenesteområde NAV må i tillegg fylkesdirektøren godkjenne slike endringar. I NAV vil kommunane inngå ein ny partnerskapsavtale mellom den nye vertskommunen og NAV Møre og Romsdal, denne samarbeidsavtala er etter same lest som avtalane som NAV Møre og Romsdal i dag har med dei tre kommunane.»

Gevinstrealiseringa må byggje på ei samla vurdering av begge tenesteområda, der kommunane fordeler den totale effektiviseringsgevinsten etter folketal. Rådmannen er delegert fullmakt til å godkjenne ei slik fordeling, og ved ueinighet så vil «kommuneadvokaten» til vertskommunen mekle.

Styringsgruppa vil ved behov be om rapportering og/eller anna tilbakemelding frå prosjektleiarane i prosjektperioden – rapporteringa skal vere knytt til organisering, økonomi, effektiviseringspotensiale og tidsplan. Fylkesdirektøren i NAV, eller den han utpeikar, er medlem i styringsgruppa for saker knytt til NAV. Rådmannen vil at dei respektive arbeidsgruppene skal bestå som fagressurs for styringsgruppa i prosjektperioden.

Vanylven kommune vil vedta samarbeid med Herøy kommune som vertskommune frå 1. januar 2019, sjølv om Sande kommune eventuelt skulle seie nei, eller utsette, handsaminga av saka.

Dersom Sande kommune ynskjer samlokalisering i Herøy som føresetnad for samarbeidet, vil Herøy legge til rette for det.

Organisering av tenestene etter vertskommune-modellen skal fylgje arbeidsmiljølova sine reglar om overdraging av verksemd, og elles dei ålmenne spelereglane i arbeidslivet, slik som Hovudavtale og Hovudtariffavtale.

Prosjektperioden er frå 1. januar 2019 til 30. juni 2021.

PS 78/2018 MoEik Eiendom AS - Bruksendring frå næringsseigedom til privat - Gbnr 16/144 , 46/9 , 16/120 , 17/16

Tilråding:

1. Vanylven kommune viser til plan- og bygningsloven §19-2 og gjev varig dispensasjon for reguleringsendring innanfor område E34 i kommunens arealplan. Endringa gjeld frå næringsføremål til privat føremål.
2. Vedtaket vert gjort utifrå vilkår:
 - Vanylven kommune gjev varig dispensasjon gitt etter PBL § 19-2.
 - Reguleringsendringa vert gjeldande for gnr. 16 bnr. 120 og 144, ev. også bnr. 92 om denne ikkje er samanføya med anna bnr. innan for området E34.
 - Reguleringsendring for gnr. 17 bnr. 16 som ligg utanfor område E34 vert ikkje gjeve dispensasjon då dette er regulert til LNF område.
 - Ved endring frå næringsføremål til privat vert det løyve til å dele opp eigedomane etter behov seinare, men det vert stilt krav om at området skal brukast til utleigeverksemd fortsatt.

Handsaming:

Rådmann Andreas Chr. Nørve og kommunalsjef teknisk sektor Terje Kolstad gjekk frå som ugilde.

Ingebrigt Berget tok opp spørsmål om gildskap – søkjar leiger tenester frå Berget Elektro og Linjebygg. Han vart samrøystes kjend ugild og gjekk frå under handsaminga.

Framlegg frå Lena Nordal Vedeld:

Stryk **men det vert stilt krav om at området skal brukast til utleigeverksemd fortsatt** i siste setning.

Samrøystes vedtak som framlegget m/endringsframlegg frå Lena Nordal Vedeld:

VEDTAK:

1. Vanylven kommune viser til plan- og bygningsloven §19-2 og gjev varig dispensasjon for reguleringsendring innanfor område E34 i kommunens arealplan. Endringa gjeld frå næringsføremål til privat føremål.
2. Vedtaket vert gjort utifrå vilkår:
 - Vanylven kommune gjev varig dispensasjon gitt etter PBL § 19-2.
 - Reguleringsendringa vert gjeldande for gnr. 16 bnr. 120 og 144, ev. også bnr. 92 om denne ikkje er samanføya med anna bnr. innan for området E34.

- Reguleringsendring for gnr. 17 bnr. 16 som ligg utanfor område E34 vert ikkje gjeve dispensasjon då dette er regulert til LNF område.
- Ved endring frå næringsføremål til privat vert det løyve til å dele opp eigedomane etter behov seinare.

PS 79/2018 Oppfølging av resultat frå Kommunekompasset 2018

Tilråding:

Resultatet frå evalueringa i Kommunekompasset 2018 vert teke til vitande. Basert på resultatata i rapporten vert det auka fokus på leiarskap og resultatfokus/effektivisering (områda x og x i Kommunekompasset 2018.

Rådmannen får ansvar for å gjennomføre tiltak på disse områda.

Handsaming:

Det vart gjort slik **samrøystes**

VEDTAK:

Formannskapet tilrår:

Resultatet frå evalueringa i Kommunekompasset 2018 vert teke til vitande.

Basert på resultatata i rapporten vert det auka fokus på leiarskap og resultatfokus/effektivisering.

Rådmannen får ansvar for å gjennomføre tiltak på disse områda.

PS 80/2018 Tertialrapport nr.1 - 2018

Handsaming:

Samrøystes tilråding som framlegget.

VEDTAK:

Formannskapet tilrår:

Tertialrapport nr. 1-2018 vert tatt til vitande.

PS 81/2018 Etablering av Utviklingsforum for Ålesund lufthavn, Vigra.

Handsaming:

Med **6 røyster mot 1 røyst** vart det gjort slik

VEDTAK:

Formannskapet tilrår:

1. Vanylven kommunestyre meiner det er behov for tiltak for å styrke Ålesund lufthavn, Vigra sin posisjon som nasjonal lufthamn for Nordvestlandet, og støtter ideen med å etablere Utviklingsforum for Ålesund lufthavn, Vigra AS.

2. Vanylven kommune vil under stiftelsesmøtet i september 2018 gå inn som eigar i selskapet, og vil også frå og med 2019 bidra med årlig driftsstøtte basert på innbyggartal.
3. Vanylven kommune kjøper ein aksje i selskapet, kr. 25.000,-.
4. Vanylven kommune vil frå 2019 bidra med kr.16.000,- i årlig driftsstøtte til selskapet, avgrensa til tre år.

PS 82/2018 Torghandel AS - Serveringsløyve

Handsaming:

Samrøystes vedtak som framlegget.

VEDTAK:

Torghandel AS, med Tor Hagel Clausen som dagleg leiar, får serveringsløyve frå mobil vogn i Vanylven kommune i perioden 2018 og 2019.

Ein tek atterhald om evt. merknader frå Mattilsynet.

PS 83/2018 TV-aksjonen 2018 - Kirkens Bymisjon. Kommunekomite

Handsaming:

Det vart gjort slik **samrøystes**

VEDTAK:

Til kommunekomite for TV-aksjonen 2018 Kirkens Bymisjon vert desse valde:

Ordførar Lena Landsverk Sande, leiar

Idar Brekke

Ottar Jan Løvoll

Silje Ekroll Riborg

PS 84/2018 Ruteendringsprosessen 2019 - innspel frå Vanylven kommune

Handsaming:

Det vart gjort slik **samrøystes**

VEDTAK:

Vanylven kommune har følgjande innspel til ruteendringsprosessen i 2019:

Ferjesambanda 01 Åram – Larsnes og 02 Årvik – Koparnes: Samordne lunsjpausar slik at minst eitt av sambanda går. Samordne kveldsstopp kl. 21.15 – flytte avgangen frå Årvik til kl. 21.45.

Avgangar kvar heil og halv time frå Koparnes om morgonen.

Rutebuss til og frå vidaregåande skular i Ulsteinvik/Fosnavåg og Volda/Ørsta.

Ferjeavgangane på sambandet Årvik – Koparnes må tilpassast første fly om morgonen og siste fly om kvelden på Ålesund lufthamn, Vigra.

Direktebuss til sjukehuset i Ålesund – fram og tilbake.

Ferjesambandet Hareid – Sulesund: Tilpasse avgangane i høve Årvik – Koparnes. Dette med tanke på trafikktryggleik.

Fylkeskryssande buss over Maurstadeidet – til vidaregåande skular i Måløy og på Nordfjordeid.

PS 85/2018 Bryggen Syvde AS - utvida skjenkeløyve 16. juni 2018

Handsaming:

Rådmann Andreas Chr. Nørve og kommunalsjef Terje Kolstad gjekk frå som ugilde. Andreas Chr. Nørve er styreleiar i Vanylven FK.

Med **5 røyster mot 2 røyster** vart det gjort slik

VEDTAK:

Skjenkeløyvet til Bryggen Syvde AS vert utvida til å gjelde også på Eidsåttun laurdag 16. juni 2018 mellom kl. 18.00 og 23.00 i samband med Vanylven FK si sommaravslutning.

Utvida skjenkeløyve må utøvast i tråd med gjeldande lovverk, forskrifter og rundskriv gitt i medhald av lovverket.

Det må sytast for tilstrekkeleg vakthald.

PS 86/2018 Interkommunalt samarbeid med Herøy kommune - brannvern

Handsaming:

Saka vart teken opp på møtet av Ottar Jan Løvoll med bakgrunn i møte 7. juni mellom ordførar, rådmann og Trond Barstad på vegne av mannskapa i Vanylven brann- og redning.

Etter framlegg frå Ottar Jan Løvoll vart det gjort slik **samrøystes**

VEDTAK:

Felles brannsjef.

Brannmannskapa i Vanylven blir tilsette i Vanylven i prosjektperioden på 2 år, og evaluerast 30. juni 2021.

Behalde befalsvakt i Vanylven i prosjektperioden.

Det skal samtidig vurderast om det er aktuelt med samarbeid sørover.

Eventuelt:

Ottar Jan Løvoll tok opp problemstillingar vedk. vassmangel for dei som har vassforsyning frå private brønner. Det vert lagt fram sak til politisk handsaming.

Varaordførar Bjarne Sætrenes tok opp problemstillingar kring skjemmande bygg og uryddige område/eigedomar. Kva kan kommunen gjere? Rådmannen vil invitere kommuneadvokaten til eit møte med formannskapet.

Ordførar Lena Landsverk Sande tok opp brev frå Stig Rune Løvold vedk. kva som skjer med familien sin eigedom ved evt. utviding av kyrkjegarden på Åheim; jfr. sak også teke opp under «Eventuelt». Kommunalsjef teknisk sektor vil sjå nærare på saka.

Rådmannen tok opp sak der det vart bedt om at saka vart drøfta for lukka dører. Debatten om lukking av møtet vart halde for lukka dører. Dørene vart så opna og formannskapet røysta over forslaget om lukking.

Med heimel i kommunelova § 31 nr. 3 vart det samrøystes vedteke å drøfte saka for lukka dører. Grunngevinga er at saka gjeld tenestemessige tilhøve til einskildpersonar.

Rådmannen tok opp sak vedk. oppseiing av avtalen med Sande kommune om PPT-tenesta. Det vert lagt fram sak til kommunestyremøtet 19. juni.

Rådmannen orienterte om prosessen knytt til grendahus på Rovde.

Rett utskrift 15.06.2018

Kåre Kvangarsnes